



Ullensvang
kommune

BUSTADKONTORET

BUSTAD- TILPASSING

HAR DU BEHOV FOR TILPASSING
AV BUSTADEN DIN?



BUSTADTILPASSING

Ta kontakt med Bustadkontoret eller ergoterapitenesta for råd og rettleiing.

Kontaktinfo - sjå siste side.

Er du eldre og/eller har du nedsett funksjonsevne?

Treng du ein bustad som er betre tilpassa eller tilrettelagt slik at du kan bu lengre heime?

Alle sider ved bustadsaka di - fysiske behov, økonomi osv bør vurderast når ein ser på ei eventuell løysing.

Ta kontakt med oss for råd og rettleiing.

Me kan i samarbeid med deg sjå på kva løysing som kan vera aktuell for deg og formidla kontakt med andre personar og samarbeidspartar og sjå på om det er mulig å få til ei ombygging/tilpassing.

Ullensvang kommune har i samarbeid med Husbanken og Nav Hjelpemiddelsentral ulike finansieringsordningar som kan vera aktuelle å søke på i samband med evt ombygging/tilrettelegging av bustaden din.





FINANSIERING

Lån

Ullensvang kommune har startlån som kan nyttast som finansiering i saker med behov for ombygging/tilrettelegging av bustaden din.

Husbanken har lån til å bygge eller oppgradere bustad.

Det skal alltid vurderast om det er mulig å finansiere tilpassinga via lån før ein vurderer tildeling av behovsprøvd tilskot.

Tilskot som er økonomisk behovsprøvd

- Bustadtilskot til utgreiing og prosjektering*
- Tilskot til tilpassing
- Tilskot til etablering

**til leige av ekstern hjelp i større og omfattande saker*

Tilskot som ikkje er økonomisk behovsprøvd

Personar med nedsett funksjonsevne kan få montert heis, løfteplattform og rampe frå Nav Hjelpemiddelsentral. Dersom du har rett på slike hjelpemiddel, men ein anna løysing vil fungere betre for deg, kan tilskot i staden for heis, løfteplattform og rampe bli gitt tilskot som ein del av finansieringa til ombygging/nybygg på bustaden.

KONTAKTINFORMASJON

POSTADRESSE



Ullensvang kommune
Opheimsgata 31
5750 Odda



postmottak@ullensvang.kommune.no



Merk brev eller e-post med:
Bustadkontoret eller ergoterapitenesta

KONTAKTPERSONAR



Bustadkontoret

Tlf. 468 76 641
Kontaktperson:
Kjellrun Tveisme, Fagleiar



Ergoterapitenesta

Tlf. 53 65 45 30
Kontaktperson:
Maren E. Miille, Verksemdsleiar Ergo- og fysioterapitenesta



Me har samarbeid med andre aktuelle tenester i Ullensvang kommune og formidlar kontakt med Nav Hjelpemiddelsentral og Husbanken